



Referat SYRIL Årsmøte 13.03.2017 kl. 19.00 i Saften

Frammøtte: Per Hauge, Karl Erik Johnsen, Hilde Ruud, Eva Fosshagen, Erling Olsen, Torbjørn Stølen, Jon Amundsen, Kjetil Berg, Arild Bjørk, Anita Instefjord, Eivind Brendehaug, Magna Vangsnes, Torgeir Urdahl og Nils Magne Slinde (til saman 14 personar).

Sak 1. Opning.

Leiar i laget, Per Hauge, ynskter dei frammøtte velkomne til årsmøte i Syril for 2016.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 3. Val av ordstyrar og referent

Ordstyrar: Per Hauge

Referent: Nils Magne Slinde

Sak 4. Val av to medlemar til å skrive under protokoll

Karl Erik Johnsen og Hilde Ruud skriv under årsmøteprotokollen.

Sak 5. Godkjenning av årsmelding og rekneskap.

Leiar Per Hauge gjekk gjennom årsmelding for hovudstyret. Følgjande grupper hadde levert årsmelding og desse vart lest opp: Handball, fotball (Merknad: Sportsplan til fotballgruppa er revidert og godkjent, det er feil i fotballgruppa sitt gruppebudsjett og i vedtak om treningsavgifter), trimgruppa, barneidretten, friidrett og ski. Innebandy, telemark og volleyball hadde ikkje levert årsmelding. Årsmeldinga vart godkjend.

Forholdet mellom barneidretten og dei andre gruppene vart diskutert. Dette kan vere aktuelt for eit temamøte f. eks. i slutten av august / september mellom gruppene.

Rekneskapa vart godkjend slik det låg føre. Det har vore eit godt økonomisk år for Syril med eit overskot på kr. 998 684. Resultatet skulle vore korrigert for ekstraordinære inntekter til anlegg med kr. 333 000 slik at overskotet er eigentleg kr. 665 684. Rekneskapet er revidert av laget sine valde revisorar Tony Borlaug og Liv Janne Steig med merknad slik det går fram av nest siste sida i årsmeldinga.

Merknad: For å gje betre økonomistyring bør økonomirapportane sendast ut annakvar månad. Side 67 og 68 viser balansen, ikkje resultatrekneskap slik overskrifta seier.

Sak 6. Medlemskontingent 2018

Kontingenten vert ikkje fastsett no, men vil bli fastesett av styret når elektronisk medlemsregistert er testa ut og sett i verk. Satsane vert fastesett slik at inntektene vert om lag på same nivå. Innbetalinga bør innehalde litt informasjon om kontingentreglane.

Sak 7. Framlegg til budsjett

Leiar gjekk gjennom arbeidsutvalet sitt framlegg til budsjett. Budsjettet vart vedteke som framlagt med eit krav til overskot kr. 45 000 som inkluderer kr. 300 000 til oppdatering av anlegg / utstyr.

BUDSJETT FOR SYRIL 2017

GRUPPE	DRIFTSINNEKTER	DRIFTSUTGIFTER	RESULTAT
01 Fotball	480000	505000	-25000
02 Håndball	350000	350000	0
03 Ski / kiosk hytta	75000	75000	0
04 Symjegruppa	5000	5000	0
05 Friidrett	20000	20000	0
06 Trim	15000	15000	0
07 Styret	850000	520000	330000
08 Skihytta	30000	50000	-20000
09 Kjeringi open	450000	400000	50000
10 Barnegruppa	20000	10000	10000
11 Klatregruppa	5000	5000	0
12 Volleyball	10000	10000	0
13 Innebandy	10000	10000	0
Oppdatering/anlegg-utstyr	0	300000	-300000
TOTALT SYRIL	2320000	2275000	45000

Gruppene kan gå gjennom sin utstyrssituasjon og melde inn behov til hovudstyret. Søknaden må vise eit opplegg for lagring og handtering av slikt nytt utstyr. Det er viktig at utstyret vert basert på god kvalitet.

Elles diskuterte vi ny trakkemaskin på Kleppa. Årsmøte ba styret starte å vurdere dette. I tillegg kan vinterdrift av kunstgrasbana vere eit aktuelt tiltak. Fotballgruppa må vurdere dette.

Budsjettet vart vedteke.

Sak 8. Val

Syril har ikkje hatt valnemnd så styret har teke denne oppgåva og leiar la fram forslag til val. Valet vart gjennomført ved akklamasjon. Resultatet av valet vart slik:

Arbeidsutvalet

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval
Kasserar	Arild Bjørk	Attval
Sekretær/styremedl.	Nils Magne Slinde	Attval

Friidrettsgruppa

Leiar	Ingunn Nyhammer	Attval
Nestleiar	Marit Anita Skrede	Ny

Handballgruppa

Leiar	Eva Fosshagen	Attval
Nestleiar		

Skigruppa

Leiar	Eivind Brendehaug	Attval
Nestleiar	Torunn Grut	Attval

Trim- og merkegruppa

Leiar	Aril Bjørk	Attval
Nestleiar	Torill Felde	Attval

Barnegruppa

Leiar	Anita Instefjord	Ny
Nestleiar		

Leikanger Idrettsråd

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval

Symjegruppa Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

Volleyballgruppa

Leiar	Tone Oppedal	Ny
Nestleiar		

Innebandy

Leiar	Torbjørn Stølen	Ny
Nestleiar	Jon Amundsen	Ny

Fotballgruppa

Leiar	Magna Vangsnes	Ny
Nestleiar		

Klatregruppa Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

Revisor

Liv Janne Steig		Attval
Tony Borlaug		Attval

Hyttestyre Skihytta

Leiar	Karina Nerland	Attval
Nestleiar	Marit Silje Husabø	Attval

Styringsgruppa Kjeringi Open

Medlem	Roar Vangsnes	Attval
Medlem	Karl Erik Johnsen	Attval

Valnemnd

Kristian Kleiven (leiar), Hilde Ruud, Steinar Fredheim, Kjartan Hove (aktuelle medlemmar).

Årsmøtet gjorde eit einstemmig val ved akklamasjon slik det går fram ovanfor.

Sak 9. Innkomne saker/diverse

Det var ingen innkomne saker.



Karl Erik Johnsen



Hilde Ruud